

Ap 16/12-94

13

108559

# KORT SAGT

## 1940 og den britiske «garantien»

Under tittelen «Historisk såpeboble?» har Finn Parr Nyquist på debattsida 9. desember teke til motmæle mot sluttavsnittet i min kronikk 1. desember. Han meiner det er «regelrett historisk tøv» å hevde at den britiske «garantien» for Norges tryggleik sprakk i 1940 «fordi Norge ikkje hadde høg nok prioritet i hierarkiet av garantimakta sine storstrategiske målsettingar».

Nøkkelen til usemja mellom oss er kanskje å finne i bildeteksten som følgde kronikken og som eg ikkje hadde laga, der det står at det var «det nøytrale Norge» som ikkje hadde høg nok prioritet. *Min* påstand refererer seg imidlertid ikkje til forspelet til 9. april, men til den britiske innsatsen *etter* 9. april. Nyquist kan då vel ikkje meine at britane satsa alt det dei makta for å stanse det tyske felttoget i Norge? Kvifor heldt «the Royal Navy» seg stort sett borte frå Nordsjøen 9. april? Kvifor vart t.d. planen om gjenerobring av Trondheim oppgitt? Svaret er at Storbritannia måtte spare sin hær og sin mektige krigsflåte til andre og høgare prioriterte oppgåver – forsvaret av dei britiske øyane; av «vegen til India» gjennom Middelhavet; av det britiske samveldet i Asia og Oseania.

For den mest uførlege framstilling av dette mitt «tøv» må eg vise til min artikkel «Sea Power, Air Power, and WESERUBUNG» i den internasjonale militærhistoriske kommisjons «ACTA No. 2» (Washington D.C. 1975). Nyquist bør elles lese general Ruges «Felttoget», der han i sitt tilbakeblikk skriv følgjande: «Vi må alle huske på at disse allierte hjelpestyrker var sendt av regjeringer for hvem krigen i Norge ikke kunne være mere enn en liten sideoperasjon uten avgjørende betydning for krigens utfall.»

OLAV RISTE, Oslo